

# SUNNMØRE BAARELAG

- pressemelding -

Sunnmøre Baarelag vart starta i 1980, gav ut si første singelplate i 1983 og er framleis gjengangarar på NRK radio! Bandet som levde ut rockemyten rundt om på Vestlandet i dei gode gamle 80- og 90-åra er med andre ord framleis "live and kicking". Ein god del år eldre, men fulle av erfaringar frå ei rad oppturar og nedturar.

På åttitalet fekk dei beskjed om at dei var for gamle til å kome på TV. Samstundes fekk dei likevel vite at dei i 1987 var det mest spela norskspråklege bandet i NRK. På Nittitalet laga dei ein song som er spela kvar einaste veke på NRK - i mykje over tjue år. Mange av dei mest kjende banda og artistane frå Nordvestlandet nemner Sunnmøre Baarelag mellom sine inspirasjonskjelder.

Og i 2016 kom bandet sin 4. musikkproduksjon. Med solide bidrag frå alle i bandet er låtsamlinga «Ei til» tilgjengeleg på CD og på streamingtenestene. Låtane vart innspela i Kyrre sitt studio, med god hjelp frå Svein Erik Åmås i Audiofarm i Ørsta. Yngve Leidulv Sætre gjorde proft sluttarbeid i Duper studio Bergen. Som vanleg med tekstar på ramsalt sunnmørsk og med ekte kjærleik til musikken.

I løpet av alle desse åra har bandet halde mykje over 2000 konsertar og opptredenar av ulikt slag. Det seiest også at medlemmene (nesten) aldri har krangla. Det kan nok vere noko i desse rykta, for Sunnmøre Baarelag har ikkje gitt seg.

I 2020 feirar bandet 40 år på scena, noko som i seg sjølv er nokså eineståande i norsk musikkliv. Dette er lang tid, men gjev tydelege lovnader om ei musikalsk reise som mange kjenner seg att i. Og karane er framleis topp trimma etter mange år og mykje speling - i Sunnmøre Baarelag og i andre prosjekt.

Ikkje vent, snart kjem dei til ein stad nær deg. Dette vil du ikkje gå glipp av!

Bandet:

Kyrre Grimstad: Vok/gitar

Kjell Rune Klubbenes: Gitar/vok

Arne Moe: Bass/vok

Frode Sundnes: Trommer

Totto Nilsen: Bluesharp



# SUNNMØRE BAARELAG

- 1980                    Oppstart
- 1983    Singel            **Blide mannj/Ola Normal**  
Innspelt i Nidaros Studio. Mix: Rune Nordahl
- 1986    LP/MC            **Kjekke kara**  
Innspelt i Nidaros Studio. Teknikar: Roger Valstad Produsent: Åge Aleksandersen
- 1987    Singel            **Med Gitar/Johnny**  
Innspelt i Sigma Studio. Teknikar/produsent: Yngve Leidulf Sætre
- 1991    LP/MC/CD       **Herifrå**  
Innspelt i Mørelyd Studio. Mix: Yngve Leidulf Sætre
- 2000    CD                **Knall**  
Innspelt i Cigar Studio. Mix: Yngve Leidulf Sætre
- 2003    CD                **Kjekke kara + Blide mannj og Johnny**
- 2007    CD                **Minst like bra** (samle-CD)
- 2016                **Ei til**  
Innspelt i Cigar Studio. Mix: Yngve Leidulf Sætre

